

# HYRDINGEN

NR. 4

September 2020

ÅRGANG 62

Kyrkjeblad for Bjoa, Imsland, Sandeid, Skjold, Vats, Vikebygd, Vikedal og Ølen



**Gudsteneste på Romsa, sjå side 6**

Kateketen har ordet	2	Springing gjev pusterom!	4	Framleis rom i kyrkja	8
Hausten 2020	2	Bjoa kyrkje 125 år	5	Frå kyrkjboka	8
Redaksjonspennen	3	Oppgradering av Bjoa kyrkje	5	Gundstenester	10
Tradisjon i 120 år	3	Gudsteneste på Romsa	6	Møte og arrangement	11
Orgelet i Vats kyrkje 100 år	3	Kva er kyrkja?	7	Inspirasjonssamling	12
Konfirmantar Bjoa og Ølen	5	Endeleg søndag på Kårhus	7		



**HYRDINGEN:**  
Ansvarleg: Steinar Skartland  
Tlf. 908 73 170

Epost: redaksjonen@hyrdingen.no  
Bladpengar/gåver til Hyrdingen  
på konto: 3240.11.17937 og

VIPPS nr 53 14 72

Adr. Skjold kyrkje  
Kleivavegen 2, 5574 Skjold

Layout/trykk:  
Omega Design AS

**SOKNEPRESTANE:**  
Mandag er prestane sin fridag

#### Soknepresten i Ølen

Kari Vik Stuhaug  
Rådhusplassen 1, 5580 Ølen  
Tlf 53 65 65 41 / 472 53 529  
kari.vik.stuhaug@vindafjord.kommune.no  
Kontortid: Etter avtale

#### Soknepresten i Skjold

Kristian Kyllingstad, Skjold kyrkje,  
Kleivavegen 2, 5574 Skjold  
Mobil: 905 23 560  
kristian.kyllingstad@vindafjord.kommune.no  
Kontortid: Etter avtale

#### Soknepresten i Vikedal

Tsegayesus Hurisa Hunde  
Vikedal kyrkjekontor  
Kyrkevegen 11, P.box 40, 5586 Vikedal  
Tlf. 970 38 011  
tsegayesus.hurisa.hunde@vindafjord.kommune.no  
Kontortid: Torsdag 9 - 15

#### Kateket Britt Karstensen

Tlf 53 65 65 42 / 45 22 15 80  
britt.karstensen@vindafjord.kommune.no

#### Organistar:

Juri Kotkovitch: 416 46 183  
Nelly Kotkovitch: 948 23 044

#### Haugaland prosti:

P.b. 612, 5501 Haugesund  
Tlf 52 80 95 00  
Prost Rune Steensnæs Engedal  
Mobil 918 34 019

#### Kyrkjeverja i Vindafjord:

Inghart Lasse Tveit, Skjold kyrkje  
Tlf. 53 65 57 93  
inghart.lasse.tveit@vindafjord.kommune.no  
Kontorass. Tove Standal Vaka  
Tlf. 53 65 57 96

#### Soknerådsleiarar:

Skjold og Vikebygd: Gunnar Listog  
Ølen og Bjoa: Hanne Jorunn Aasen Risøy  
Sandeid: Ragnvald Stople  
Vikedal: Andreas Andreassen  
Imsland: Jolaug Sæle Kaldheim  
Vats: Elisabeth Stople Gregersen

## Kateketen har ordet

Britt Karstensen, kateket.



# Ikkje som planlagt

Det blei plutsleg travelt med haustkonfirmasjonar i år. Sånn blir det, når ting ikkje går som planlagt. Kanskje var det like greitt for nokon, kanskje blei det litt mykje stress for andre, men heilt sikkert er det i alle fall at det ikkje gjekk etter planen! I skrivande stund ser det ut til at me kan gjennomføra det meste av konfirmasjonar her i Vindafjord, men kva som er situasjonen når Hyrdingen har gått i trykken, er ikkje godt å seia.

Dei fleste likar eit visst nivå av kontroll. Me legg planar, og me blir frustrerte når ting blir veldig annleis. Rett nok må me som er vande med å jobba med ungar og ungdomar alltid ha ein plan B eller C på lur, men det er sjølv sagt kjekkast når me kan halda oss til plan A. Det er nok skilnad på kor mykje folk plannleggjar, og kor høg frustrasjonen blir når noko bli endra, men stort sett er usikkerheit og stadig endring av planar berre kjekt ei lita stund. Når det held fram over lang tid så sliter mange.

Eg skal i løpet av nokre hektiske veke i haust i to konfirmasjonar og ein utsett barnedåp. I konfirmasjonane får eg ikkje kome i kyrkja, eg er ikkje blant dei utvalte. Me får ikkje handhelsa eller klemma, og maten blir servert av folk med hanskars og munnbind. Det blir sikkert kjekt, men ikkje heilt slik me hadde tenkt.

Å konfirmera tyder å stadfesta. I konfirmasjonen stadfester Gud gava i dåpen, at me får vera Hans born, at Han framleis vil vera nær. Sånt sett kan ein nesten seie at me ALLE «blir konfirmerte» kvar einaste dag, uansett kor gamle me er. Og denne «konfirmasjonen» blir heldigvis aldri utsett til eit seinare tidpunkt, alle får ta del og er utvalte, det er ingen restriksjonar på nærliek, og det me treng av åndeleg føde blir servert utan behov for distanse.

I Jak 1,17 les me:

«All god gav og all fullkommen gav kjem ovanfrå, frå han som er Far til lysa på himmelen. Hos han er det ikkje forandring eller skiftande skuggar.»

Altså: ingen endring i planane der. Heldigvis!

Om alt rundt oss går skeis så kan me stola på at Guds omsorg og nåde er den same. Gud er nær deg, Han er trufast og kreativ, og taklar fint både B-C-D osv. planar når våre jordiske A-planar går i vasken.

Så gratulerer til alle konfirmantar – uansett alder! Gløym ikkje at Gud er med alle dagar, både dei som går som planlagt og dei som blir heilt annleis enn me hadde tenkt, i oppturar og nedturar, om me er friske eller sjuke. Guds kjærleik til deg endrar seg ikkje.

# Hausten 2020 Trusopplæringa

Av Britt Karstensen

Korleis blir det med trusopplærings-tiltak i haust? Ja, den som visste det... Me håper ting skal gå tilnærma normalt, men sjølv sagt i tråd med alle smittevernreglar. BABYSONG har kurs i Ølen og Skjold med oppstart veke 36. 4-åringane skal sjølv sagt få bok og 2-åringane får møta lammet «Krølle».

Lys Vaken for 5. klassingane står også

høgt på prioriteringslista, så får me sjå om det blir med eller utan overnatting. Full oversikt og oppdatert informasjon finn du på heimesida til kyrkja www.vindafjord.kyrkjer.no. Me håper på det beste og satsar på å kunne samlast i trygge former. Følg også med på Facebook «Trusopplæring Vindafjord».

## Redaksjons-PENNEN

Av Steinar Skartland



Kyrkjeleg fellesråd har gjennom fleire år fått ekstra midlar av kommunen til oppgradering av kyrkjene. Den 8. kyrkja som får glede av dette er på Bjoa. Ekstra midlane er redusert vesentleg nå, men fellesråd og kyrkjeveje prioriterer bygg og kyrkjegardar så godt det let seg gjera for å sikra at kyrkjene og i framtida skal vera tenlege for oss som bur her. Men det er ikkje tvil om at det er store kostnadar med å ta vare på kyrkjebygga. Nå er det opp til sokneråd, prestar og bygdefolket å nyttja kyrkjene godt.

Situasjonen med restriksjonar pga. korona-smitten held fram utover hausten. I konfirmasjonsgudstenester er det berre familiene som får delta. Det er nok eit sakn for alle dei andre som ville dela denne gledesdagen, men vi får vera flinke med å delta i dei andre samanhengane som er opne. Gjerne reisa til nabobygda. «Vanlege» gudstenester har ofte god plass i benkene, så vit at du er velkommen inn.

Det same gjeld på bedehusa. Følg med på plakatar og kunngjeringar på internett og kom når det vert innbydt til møte, songkveldar, eller bibeltimar. Mange stader er det god plass til vanleg, og med gode rutinar som er innarbeida alle stader nå, så vonar vi at folk igjen vågar å møtast. Men kjänner du deg litt sjuk, eller kjem frå ein stad med aktiv smitte, så skal du halda deg heime. Og bruk gjerne telefonen til ein kontakt med andre som er åleine. Med reinhald og avstand skal vi greia dette også. God haust!

## Orgelet i Vats kyrkje 100 år

I 1920 kom det orgel til kyrkja i Vats. Instrumentet blei vølt for nokre år sidan og skal vera det beste orgelet frå den tid i heile bispedømmet. I samband med hundreårs markeringa var det planar om ein orgelkonser under kulturveka i Vats. På grunn av at kulturveka er utsett til neste år, kjem markeringa og konserten først i mai-juni 2021. Då kjem det også meir stoff om orgelet.



Hans Asbjørn Aasbø talar på ettermiddagsmøtet.

# Tradisjon i 120 år

Av Steinar Skartland

**Dei møttest på Vikestølen i året 1900, frå bygdene i kyrjesokna Ølen, Bjoa, Vikebygd, Skjold og Vats. 120 år etterpå lever tradisjonen og flagget vaia ved minnestøtta 28. juni. Med korona-smitte i landet var møtestyret, som har eit medlem frå kvar av dei 5 bygdene, spente på om det ville bli lov i år.**

15. juni opna regjeringa for arrangement med inntil 200, og møtestyret kunne kunngjera stemne, førebudde på å vera utandørs om det vart mange som kom. Vêret var flott dagane før, men omslag til regnbyer søndagen. Likevel var det 27 som tok turen opp til den gamle hytta. I si tid var dette ei nedlagd, tømra skulestove, - flytta frå Bjoa opp til stølen.

Handsprit ved inngangen, notering av namn og telefonnummer på gjestene og god avstand, gjorde at flokken kunne sitja innandørs. Her vart

## Konfirmantar i Ølen kyrkje 5. september

Anders Løhaugen  
Ariel Iddeland  
Dan Dereje Gebremichael  
Henny Karin Rullestad  
Isak Heddeland  
Jonathan Hundseid  
Lars Ivesdal  
Live Therese Osaland  
Marielle Eikesdal  
Oskar Nerheim  
Rafael Daniel Pacurar

## Konfirmantar Bjoa kyrkje 12. september

Gina Gjerde  
Aleksandra Kosciewska  
Hanna Håavarstein Lothe  
Jonas Skålnes Sandsgård  
Viljar Skålnes Solheim  
Mari Edona Tveit



På ferie hjå familie i Lofoten sommaren 2020.08. Biletet er frå toppen av Justadtinden (738 moh), sett vestover.

## Springing gjev pusterom!

Av Gunnar Listog

**Kristian Kyllingstad, prest i Skjold, Vikebygd og Vats, er ein blid, lettføtt og uthaldande kar. Nokon har kanskje sett han i tanande jag mellom Grinde, der familien bur, og Skjold, på veg til arbeid eller for å nå eit møte. Han er nok den sprekaste presten me har hatt i bygdene våre nokonsinne, og han lever godt opp til mottoet: Ei sunn sjel i ein sunn lekam!**

### «Løpar-familie»

Kristian voks opp i ein «løpar-familie». Faren Kai lika å springe langt. På halvmaraton har han ein personleg rekord på 1.26.39. Det gjev ei kilometertid på 4 min og 6 sek. Dette er ein rekord Kristian har lyst til å slå, men då må personen senkast med nærmare fem minuttar. Det skjer nok ikkje i år, men kanskje neste år, seier Kristian optimistisk. Frå nyttår av skal



I august 2014 skulle Kristian vie ein kamerat i Santa Fe i New Mexico. Då fekk han også tid til nokre springeturar. På biletet er han på Atalaya Mountain, 2776 moh.

han nemleg ha pappapermisjon, og då skal han verkeleg hardtrene, anten skuvande på ei barnevogn eller med hunden «slepande» etter seg. Reine «brødrene Ingebrigtsen»-opplegget!

### «Inga barnestjerne»

Kristian har alltid vore aktiv. Som gut dreiv han med friidrett. Han lika å springe t.d. 800-meter, og han var glad i å hoppe høgdehopp. Som 11-åring var han med i Oslo Maraton, og sprang då minimaraton.

Det var først etter at han var ferdig utdanna prest og han fekk stilling i Bodø at det verkeleg tok av. Året 2010/11 budde familien ei mil frå kyrkja. Dette året sprang eller sykla han til og frå arbeid nesten kvar dag.

### Sjømannsprest i Houston

Solid opparbeidd kondisjon tok Kristian med seg då familien flytta til Houston i Texas. Då vart det verkeleg fart i maraton-løpinga. Kristian deltok



Smilende og blid trass i smerter både i bein og kropp like etter målgang i Los Angeles Maraton i mars 2014.

i masse løp: Galveston Maraton, Houston Maraton, New York Maraton og Los Angeles Maraton. Her sprang han forresten saman med m.a. sjømannsprest Odd Inge Tangen frå Karmøy. Kristian fortel at siste mila på ein maraton er det mest krevjande. «Å sprekke» mot slutten av eit maratonløp er skrekkeleg vondt. Det veit eg av eigen erfaring,» fortel han. Men å springe 42 km på 3t og 52 min, slik Kristian har gjort, er utrøleg imponerande.

### Løping er avkopling

For Kristian representerer springeturane anten saman med bikkja, med veslejenta i barnevogna eller åleine, avkopling og terapi frå daglege utfordringar. Pusterommet han då får, gjev han styrke som prest. Og skulle han om eitt eller to år ta familierekorden på halvmaraton, så vil det kun vera ein bonus.

## Bjoa kyrkje 125 år

Av Øivind Jørnsson

**I år er det Bjoa kyrkje sin tur til å bli reparert. 3. juli var også ein merkedag for kyrkja. Då var det 125 år sidan den blei vigsla i 1895.**

Den første kyrkja i landet var truleg kyrkja på Moster, ei trekyrkje reist av Olav Tryggvason like før år 1000. På 1100-talet kom kyrkja bygd av stein som framleis står der, og som blir rekna som den eldste i landet. I høgmellomalderen, på 1100 og 1200-talet, blei det bygd mange

kyrkjer, - nokre av stein, men dei fleste av tre. Dei fleste trekyrkjene frå den tida er for lengst borte, berre nokre få stavkyrkjer står att.

“Bjørgvinar kalvskinn” er ei kjelde frå 1300-talet som listar opp kyrkjer og kyrkjegods i Bjørgvin bispedømme. Her er også rekna med kyrkja på Bjoa, - “Biodhe capell”. Kvar denne kyrkja stod er ikkje sikkert, men truleg stod den ikkje langt frå der dagens kyrkje står. I alle fall forsvann den i nedgangstida etter Svartedauden. Bjoa kom då til å høyre til Fjelberg sokn fram til 1895.

På 1950-talet, var det ei gruppe damer som tok opp takten til å smykka ut kyrkja. Dei danna Bjoa kyrkjeforeining, heldt basarar og for pengane kjøpte dei den store lysekruna, teppet inni alterringen og brudestolane. Dei var det og som hekla alterduken (restaurert i 2017). Laga av: Brit Johannessen, Eldbjørg Johannessen, Johanna Samsonsen, Olga Johannessen, Sigrid Svalland og Aasta Hjellestad.



## Oppgradering av Bjoa kyrkje

Av Steinar Skartland

«Kirken den er et gammelt hus, står om enn tårnene falle», er starten på ei salme av Grundvik frå 1837. Gjennom fleire år har Fellesrådet for kyrkjene i Vindafjord fått midlar frå kommunen til ekstra oppgradering av alle kyrkjebyggja. Den siste i rekka er den 125 år gamle trekyrkja på Bjoa. Ho ligg vakker til, omkransa av kyrkjegarden, men ytterkledninga var rotna så ein fleire stader kunne stikka handa gjennom. -Til alt hell var

det ikkje røte i tømraveggen og berre nokre få oppengljarar måtte skiftast, fortel kyrkjeverja.

Eit omfattande arbeid vart sett i gong i august. Arbeidet vart etter anbod tildelt byggfirmaet Kalstveit og Vik. Kostraden er på 920.000 kroner, men for den prisen får ein skifte ytterkledning på 3 sider, isolert bygget og påsett asfaltplater og vindsperrer under ny kledning. Noko elektrisk ute vert også fornya. Til slutt skal kyrkja malast. Inngangspartiet vart teke for nokre år sidan, men eit vindauge i

koret må lagast nytt (det er ikkje gjort ennå). Det er truleg naudsynleg med i alle fall reparasjonar av nokre vindauge til. Nå er heile kyrkja fornya for mange år framover. Bårehuset (som får annan funksjon nå) vert også fullført, eit arbeid som vart starta av Leiv Tindeland tidlegare, fortel kyrkjeverja Inghart Lasse Tveit som reknar med at arbeidet er ferdig tidleg i September. Han legg til at Kalstveit og Vik har brei erfaring då dei m.a. har hatt arbeida på kyrkjene i Ølen og i Sandeid (etter lynnedslaget).

Utbetringa vil vonleg virka positivt inn på energibruken til oppvarming. Kyrkjeverja, som har ansvaret for alle 8 kyrkjene i kommunen (derav 3 listeførte), seier han er svært glad for at arbeidet kunne verta ferdig nå i sommar. Nå har alle kyrkjene fått omfattande oppgraderinger, men Fellesrådet må nok finna pengar på budsjettet til løpende vedlikehald av dei vakre bygga i åra som kjem. Så vonar vi at mange vil finna vegen til kyrkja dei søndagane kyrkjeklokken kallar inn.



Bjoa kyrkje under rehabilitering



# Gudstenesta på Romsa



Kari Vik Stuhaug lyttar til musikk av Lasse Jarmer og Gunn Rakel T Jarmer

Av Steinar Skartland

**Ølen Båtlag og soknerådet for Ølen og Bjoa samarbeida om friluftsgudsteneste på Romsa søndag 16. august. Her måtte både prest og kyrkjelyd koma sjøvegen. Ein god del med eigen båt, andre kollektivt med båtar som skyssa dei frå hamna i Ølen for å nå fram til arrangementet som tok til klokka 12 på Grindanes-kaien.**

Her hadde 70 tilhørarar samla seg. På stolar eller rett på kaiplankane. Andre på båtane som omkransa kaien. Alle med god avstand. – Det er ikkje vanleg at vi blir møtt med sprit når vi kjem til gudstenesta, kom ein skjemtande kommentar. Men i koronatida vert reglane følgde og gjestene fekk notert namn og telefonnummer sirleg ned i ei bok. Midt på kaien hadde Dag Olav Berge sessa seg med miksepulpen og rigga proff lydanlegg. Alle skulle få høyra godt. Ved sida av det maritime alteret sat Lasse Jarmer bak pianoet. Saman med Gunn Rakel Tjelle Jarmer delte dei flott musikk og song gjennom gudstenesta. Her fekk vi konsert med på kjøpet.

Dagen var strålende varm med sol frå blå himmel. – Det er 22 grader i vatnet, kunne dei fortelja som hadde teke med seg badebukse og nytt



Lyttande forsamlings  
på Grindanes-kaien

# Kva er KYRKJA?

- frå felles soknerådsmøte



Av Ingrid M. Sørvåg

Ein varm junidag samlast sokneråda i Vats, Skjold og Vikeygd til felles soknerådsmøte, Olav Hagen frå Rogaland bispedømmme innleide med desse spørsmåla: Kva er kyrkja? Kva vil me at kyrkja skal vere? Korleis kan me arbeide med kyrkja i våre bygder? Kva kan me samarbeide om?

Etter ei interessant innleiing der Olav Hagen sette lys på kva det som gjer at folk kjem, og ikkje kjem til kyrkje, samtalte me i grupper på tvers av sokna. I innleiinga var Hagen også innom forholdet mellom tru og tradisjon, tradisjon kan vere ei bru mellom liv og tru. Ei undersøking viser at tradisjon betyr meir enn kristen tru, når det gjeld å velje dåp.

Dei spørsmåla me diskuterte i gruppene var:  
Korleis ser kyrkja vår ut?  
Korleis ønsker me at kyrkja vår skal sjå ut?  
Korleis kjem me dit?  
Korleis ser kyrkja ut når din valperiode er ferdig? Om 3 år? I 2030? I 2050?

Det blei gode samtaler, fint å høre kva som fungerer i dei ulike bygdene, og kva me kan læra av kvarandre.

Me vil gjerne ta vare på dei gode tradisjonane som er i bygdene, kor me er vane med å samlast i kyrkja. Det er ei utfordring å få fleire til å oppleva at kyrkja er vår, og at fellesskapen me kan oppleva der betyr noko.

Saman kan me bli betre!



Vats kyrkje.



Skjold kyrkje.



Vikeygd kyrkje.

# Endeleg søndag på Kårhus

23. august kl. 11:00 er oppstart for hausten på Endeleg Søndag på Kårhus bedehus. Etter ein lang pause pga. koronaviruset, gleder me oss nå til å sjå kvarandre att. Me har sakna fellesskapet der me samlast om Guds Ord.

Det er ein berikelse at både små og store kan vara ilag på bedehuset.

Me håpa at mange kjem og kjenner seg heime i blant oss. Det blir forskjellige talalar, møkje song og musikk og eit godt samhold. Borna og

dei unge har sine opplegg, medan me vaksne har vårt møte. Me er heldige som kan få komma saman for å høyra Guds Ord, inspirera og motivera kvarandre i trua, samt kjenna på at «saman er me sterke».

Sjølvsgåt vil me ta førehandsreglar ifm. Covid-19. Handvask, Antibac og 1 meter avstand.

Me tar omsyn til gudstenestene i kyrkja og fellessamlingane med Vats og Skjold. Derved blir Endeleg Søndag 23. august, 13. september,

11. oktober, 8. november og 6. desember. Alle dagar klokka 11:00.

Kl. 10:30 desse sundagane vil det vera bønnemøte bak i salen. Elles er det bønnemøte annakvar torsdag kl. 19:00 – 20:00 frå og med den 3. september.

Då ynskjer me alle hjarteleg velkomne til samlingane og håpar at me kan få ein fin haust der fleire og fleire blir med i dette viktige arbeidet.

For styret, Turid Dahl

# Framleis rom i kyrkjene

Av sokneprest Kari Vik Stuhaug

Pandemien har endra mange vanar. Også kyrkjevaran. Ikkje så mange møter til gravferdene lenger. Ja, mange gonger er det faktisk mange ledige plassar. Lurer du på om der vil vera plass til deg? Ta gjerne kontakt med familien for å høyra. Dei fleste set pris på at bygdefolket vil ta del.

Så ser me også at det reduserer betydeleg på køen ved inngangen at besökande har med seg lapp med namn og telefonnummer, særleg ved store gudstenester og gravferder.

Dåpsfølge kan ha liste med sine gjester. Inntil vidare må kyrkja sørge for å føra liste over alle besökande i fall det blir behov for smittesporing. Lappar og lister blir makulerete etter 10 dagar. Me ber om at alle respekterer tilvisingar om plass frå kyrketenar og kyrkevert. Det handlar om å ta vare på dei svakaste. Det viser ikkje alltid utanpå om nokon er i risiko for Covid 19.

Ved dei fleste gudstenestene vil det vera god plass til dei som ønsker å gå. Men ein del gudstenester har til vanleg så stor oppslutning at det kan bli vanskeleg å få plass til alle, når det

skal vera 1 meter mellom dei som ikkje bur saman. Difor vil det framleis bli ein del eigne dåpsgudstenester.

I fleire kyrkjer blir det klart plass til flere når me tek i bruk benker langs veggene og på galleriet. Og i nokre kyrkjer (Sandeid, Ølen og Bjoa) er det fjerna benker slik at dei som står att har 1 meter i mellom. Det aukar også sitjeplassane monaleg.

Me håper du innimellom er villig til å ta sjansen på å snu i døra. Om du møter i god tid er det større sjanse for å få plass. Dei fleste gonger er det framleis rom i kyrkja!

# BIBELreisen

Møt igjen den gamle forteljinga som alltid lever. Oppdag nye tankar og innfallsvinklar.

- Kven var eigentleg sjuande far i huset?
- Korleis er dei 10 plagene i Egypt ein profeti om Jesus?
- Kva for ein profet lukkast heilt og fullt?
- Korleis er Matteus arvtakaren til Moses?
- Var det flaks at nista til guten inneheldt fem brød og to fisk den gong Jesus metta 5000?

• Ønsker du å vite meir om Bibelen? Få oversikt over bibelhistoria? Sjå den lange linja i grunn-forteljinga i vår kultur? • Bibelreisen er oversiktleg og inspirerande.

• Lær med kropp og sjel! • Bibelreisen passar for alle vaksne, uavhengig av førehands-kjennskap til Bibelen. • Kursbøfte kr. 49,- • Det blir enkel servering og høve til spørsmål og samtale. • Arrangør: Skjold og Vikebygd sokneråd



Kurshaldar:  
**Per Hjemdal**  
sokneprest, Etne

**Skjold kyrkje**  
• 9. og 16. sept.  
• kl 19 - ca. 21.30

Bibelselskapet

## FRÅ KYRKJEBOKA

Døypte	Vigde	Døde
<b>Bjoa</b> 14.06. Siri Steinsland	11.07. Ane Hetland og Mathias Espedal	06.05.20 Bjørg Kjellaug Tveit
<b>Sandeid</b> 31.05. Liam Berge Stople 13.06. Peder Stople	06.06. Anita Tjelmland og Kjetil Larsen 18.07. Sigrid Halsos og Torstein Stuhaug	05.06.20 Bjørn Reidar Rørtveit f. 1939 16.06.20 Rognald Stuhaug f. 1937 25.06.20 Jan Egil Søndenå f. 1966 21.07.20 Torleif Kåre Skeie f. 1936 24.07.20 Ole Fatland f. 1926
<b>Ølen</b> 21.07. Bella Nærland 02.08. Loui Moe Vestbø		11.06.20 Jorunn Tvedten f. 1939 26.07.20 Birgit Serine Dalaker f. 1929 06.08.20 Harald Windsand f. 1945
<b>Skjold</b> 07.06. Nora Mortveit 28.06. Ane Lovise Kyllingstad 28.06. Tobias Alendal 28.06. Nicholas Langeland	06.06. Anette Vårvik og Ola Eide	13.05.20 Hans Næss f. 1928 16.07.20 Olga Lilland f. 1925 01.08.20 Malvin Sigmund Langeland f. 1950
<b>Vikebygd</b> 14.06. Erle Birkeland Børve		05.04.20 Ivar Mikal Svendsbøe f. 1936 15.05.20 Torhild Lilly Dommersnes f. 1934
<b>Vats</b> 24.05. Olai Berge Nesheim 21.06. Henry Stokland (døypt på Refsnes) 26.07. Lisa Magalhaes Ohm		08.05.20 Svein Skare f. 1935 22.05.20 Anna Johanna Sjurseike f. 1931 12.06.20 Åshild Hustoft f. 1926 23.06.20 Osvald Kåre Nesheim f. 1931
<b>Vikedal</b> 14.06. Olander Solstad Andreassen 12.07. Ada Bråteit Mo		21.07.20 Eli Johanne Frøland f. 1939



LUNDENESET VGS  
- en kristen internatskole i Ølen

**Vi tilbyr**

- Medieproduksjon
- Service og samferdsel
- Studiespesialisering
- Påbygging til generell studiekompetanse

Les mer på [www.lvs.no](http://www.lvs.no)

**Knaphus**   
B i l  
5576 Øvre Vats Tlf. 52 76 73 10

**Knaphus**   
Dekk & Bilverksted  
5576 Øvre Vats Tlf. 52 76 73 12

**joker**

Vikebygd Landhandel AS  
Tlf. 53 76 91 69 - Faks 53 76 91 01 - joker.vikebygd@ngbutikk.net

  
**GRANBERG**  
GARVERI<sup>AS</sup>  
Bjøavegen 187 - 5582 Ølen  
Tlf. 52 76 50 00 [www.granberggarveri.no](http://www.granberggarveri.no)


## Faste gravferdsdagar

Som eit av fleire smittetiltak vil me frå nå av ha faste gravferdsdagar – tysdag og fredag. Dette er elles dei mest etterspurde gravferdsdagane til vanleg. Unntaksvis har det vore gravferder på onsdagar – praktisk tala ingen på torsdagar. Difor vert tysdag og fredag faste gravferdsdagar i Vin-dafjord. Denne ordninga gjeld inntil vidare.

Kyrkjeverja i Vindafjord  
Inghart Lasse Tveit



## GRAVSTEIN



Se vår store utstilling, eller ring og be om katalog.

[www.skattkjaer.no](http://www.skattkjaer.no)

**Skattkjær Skiferindustri as**

Ørpelheitsvn. 59 • tlf. 52 70 42 90  
Mandag-fredag kl. 07.30-15.30 • Torsdag til kl. 18. Lørdag stengt.

## BLOMAR TIL GRAVFERD

Me leverer alle typar sorgbinding. Ølen Begravelsesbyrå har bøkene våre, med mange bilde. Spør om å få sjå dei, eller ta kontakt med oss direkte. Du finn oss og på nettet.

  
**Ølen Blomster**  
Tlf. 53 76 88 35 • [www.olensenter.no](http://www.olensenter.no) 

**STELL AV GRAVPLASSER**  
Kontakt Avdeling Vepro  
Tlf 932 16 679/ 52 75 88 60

  
**AOI**  
Arbeid og Inkludering

  
**Ølen Betong**  
Tlf. 5377 5200 - [www.olenbetong.no](http://www.olenbetong.no)

  
**Ølen auto**

**tsrevisjon**  
Autorisert regnskapsførerselskap  
[www.tsrevisjon.no](http://www.tsrevisjon.no)  
Karmsundsgata 4 • 4250 Kopervik

  
**SpareBank** SR-BANK 1

# VELKOMEN TIL GUDSTENESTE

**MERK:** Pga. smittevernrestriksjonar er konfirmasjonsgudstenestene berre opne for konfirmantane sine gjester.

Dato	Stad/kyrkje	Tid	Tittel / Informasjon	Preiketekst
05.09.2020	Ølen kyrkje	10:00	*Konfirmasjonsgudsteneste, for konfirmantane med gjester. Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet	
05.09.2020	Ølen kyrkje	12:00	*Konfirmasjonsgudsteneste, for konfirmantane med gjester. Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet	
06.09.2020	Skjold kyrkje	11:00	Gudsteneste Takkoffer til Kirkens SOS i Norge	Matt. 20, 1-16
06.09.2020	Imsland kyrkje	11:00	*Konfirmasjonsgudsteneste, for konfirmantane med gjester. Takkoffer til Konfirmantarbeidet	Matt. 20, 1-16
12.09.2020	Bjoa kyrkje	11:00	*Konfirmasjonsgudsteneste, for konfirmantane med gjester. Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet	
13.09.2020	Vikebygd kyrkje	10:00	*Konfirmasjonsgudsteneste, for konfirmantane med gjester. Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet	Fil. 1, 9-11
13.09.2020	Vikedal kyrkje	11:00	*Konfirmasjonsgudsteneste, for konfirmantane med gjester. Takkoffer til Konfirmantarbeidet	Fil. 1, 9-11
13.09.2020	Ølen kyrkje	11:00	Hausttakke-Gudsteneste. Presentasjon av konfirmantar. Takkoffer til Misjonsprosjektet	Fil. 1, 9-11
13.09.2020	Vikebygd kyrkje	11:15	*Konfirmasjonsgudsteneste, for konfirmantane med gjester. Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet	Fil. 1, 9-11
13.09.2020	Bjoa kyrkje	16:00	Hausttakke-Gudsteneste. Presentasjon av konfirmantar. Takkoffer til Misjonsprosjektet	Fil. 1, 9-11
20.09.2020	Vikedal kyrkje	11:00	Gudsteneste, presentasjon av konfirmantar. Takkoffer: Hyrdingen	Mark. 7, 31-37
20.09.2020	Skjold kyrkje	11:00	Fellesgudsteneste og utdeling 4-årsbok. Takkoffer til Norges KFUK-Speidere	Mark. 7, 31-37
20.09.2020	Sandeid kyrkje	17:00	Gudsteneste. Presentasjons av konfirmantane + utdeling av 4-årsbok. Takkoffer til Lokal trusopplæring	Mark. 7, 31-37
27.09.2020	Vats kyrkje	11:00	Gudsteneste, Haustakkefest og utdeling av 4-årsbok. Takkoffer til Sambolabo	Joh. 11, 17-29
27.09.2020	Ølen kyrkje	11:00	Gudsteneste. Konfirmantjubileum 50 og 60 års-konfirmantar. Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet	Joh. 11, 17-29
04.10.2020	Vats kyrkje	11:00	Gudsteneste. NMS deltar. 50-års konfirmantar. Takkoffer til Det Norske Misjonsselskap	Matt. 8, 14-18
11.10.2020	Skjold kyrkje	11:00	Gudsteneste. Takkoffer til Kristent Arbeid Blant Blinde og Svaksynte	Matt. 5, 20-26
11.10.2020	Bjoa kyrkje	11:00	Gudsteneste. Takkoffer til Bibelskapet	Matt. 5, 20-26
11.10.2020	Vikedal kyrkje	11:00	Misjonsgudsteneste. Takkoffer til Det Norske Misjonsselskap	Matt. 5, 20-26
18.10.2020	Imsland kyrkje	11:00	Gudsteneste. Presentasjons konfirmantar, utdeling av 4-årsbok Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet	Joh. 11, 1-5
18.10.2020	Skjold kyrkje	11:00	Fellesgudsteneste. Takkoffer til Brandøy	Joh. 11, 1-5
18.10.2020	Ølen kyrkje	16:00	Gudsteneste. Utdeling av 4-årsbok. Samarbeid m. søndagsskulen. Takkoffer til Hyrdingen	Joh. 11, 1-5
25.10.2020	Vikebygd kyrkje	11:00	Gudsteneste. Presentasjon av konfirmantar. Utd.4-årsbok og 5.klassebibel. 50 års konfirmantar. Takkoffer til Trusopplæring i Vindafjord	Luk. 13, 22-30
25.10.2020	Vikedal kyrkje	11:00	Hausttakkefest, 50-års konfirmantane, utdeling av 4-årsbok. Takkoffer: Lokal trusopplæring.	Luk. 13, 22-30
01.11.2020	Imsland kyrkje	11:00	Allehelgensgudsteneste / Helgemesse Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet	Mark. 5, 1-12
01.11.2020	Ølen kyrkje	11:00	Gudsteneste. Helgemesse Takkoffer til Kirkens SOS Rogaland	Mark. 5, 1-12
01.11.2020	Vats kyrkje	11:00	Allehelgensgudsteneste / Helgemesse Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet	Mark. 5, 1-12
08.11.2020	Bjoa kyrkje	11:00	Gudsteneste. Takkoffer til Norea, mediemisjon	Mark. 10, 28-31
08.11.2020	Sandeid kyrkje	11:00	Gudsteneste. Sundag for dei forfylgte + misjonsgudsteneste. Takkoffer til Det Norske Misjonsselskap	Mark. 10, 28-31
08.11.2020	Skjold kyrkje	11:00	Gudsteneste. Speidere. 4 årsbok. Presentasjon konfirmantar. Takkoffer: Familiespeiding	Mark. 10, 28-31
15.11.2020	Vikedal kyrkje	11:00	Gudsteneste. Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet	Joh. 6, 63-69
15.11.2020	Vats kyrkje	11:00	Gudsteneste. Konfirmantpresentasjon. Speidere. Takkoffer til Speidararbeidet i Vats	Joh. 6, 63-69
15.11.2020	Ølen kyrkje	11:00	Gudsteneste. Takkoffer til Kirkens Bymisjon	Joh. 6, 63-69
22.11.2020	Skjold kyrkje	11:00	Fellesgudsteneste Takkoffer til Det Norske Misjonsselskap	Matt. 25, 31-46
22.11.2020	Imsland kyrkje	11:00	Misjonsgudsteneste Takkoffer til Det Norske Misjonsselskap	Matt. 25, 31-46

**"Lat oss ikkje halda oss borte når kyrkjelyden vår samlast"** (Hebr. 10,25)

## Ersland Bedehus

Bedehusbasar laurdag 24. okt. kl. 12:00.

## Kyrketunet i Ølen

-På grunn av noko usikkerheit knytt til korona-situasjonen, viser vi til «Kalenderen» på internett framover, fortel Johanne Eskeland. Oppsette møte og aktivitetar ser du på: [kyrkjetunet.no/kalender](http://kyrkjetunet.no/kalender). Fellesskap på tvers / bønnemøte på fredagar og Credo samlingane vil gå som planlagt, men Internasjonalt Treff vert avlyst inntil vidare. Ein komité jobbar med plan for gjennomføring av møtehelger og ynskjer å gjennomføre desse med omsyn til smittevernreglane. Sjå elles informasjon om Trusopplæringa side 2 og 12.

## Kårhus

Bedehusbasar torsdag 24. sept. kl.19:00.  
Andakt, loddsal og litt mat.  
Alle velkomne ! Gevinstar mottas med takk.

## Skjold / Vats misjonsmesse,

på Isvik bedehus 21.nov. kl. 12:00

**Koronasituasjonen**  
Endringar kan skje som følge av nasjonale føringar og smittesituasjonen. Følg derfor med på lokale kunngjeringar.

## Sandeid bedehus

12.10. måndag	19:30 Bibeltine - Kørner Høie
02.11. måndag	19:30 Bibeltine - Kørner Høie
10.11. torsdag	19:00- Songkveld. Songar for heile familien 21:00
07.12. måndag	19:30 Bibeltine - Kørner Høie

## Bedehusa i Skjold

Merk: Dei møta som plar vera på Austrheimsbygda vert haldne på Isvik Bedehus grunna Korona.  
Me vil prøva å få i funksjon dei vanlege tysdagsmøta utover hausten, med god avstand mellom stolane, fortel Børge Løype.

15.09. tysdag	19:00 Isvik: NMS Misjonsselskap
17.09. torsdag	19:00 Ersland: Bønnemøte
22.09. tysdag	19:00 Ersland: Flymisjonen
23.09. onsdag	Ersland: Basar Indre Sjø
29.09. tysdag	19:00 Isvik: Indre Sjømannsmisjon
01.10. torsdag	19:00 Ersland: Bønnemøte
06.10. tysdag	19:00 Isvik: NLM Misjonssamband
13.10. tysdag	19:00 Ersland: Samemisjonen
15.10. torsdag	Isvik : Basar / Årsmøte
15.10. torsdag	19:00 Ersland: Bønnemøte
20.10. tysdag	19:00 Isvik: NMS Misjonsselskap
24.10. laurdag	12:00 Ersland: Bedehusbasar
27.10. tysdag	19:00 Isvik: Normisjon
29.10. torsdag	19:00 Ersland: Bønnemøte
31.10. laurdag	Haraldseidvågen - Elieser 6 (?)
01.11. sundag	Haraldseidvågen - Elieser 6 (?)
02.11. måndag	Haraldseidvågen - Elieser 6 (?)
03.11. tysdag	19:00 Ersland: Lys over Land (Kr. Musimisjon)
10.11. tysdag	19:00 Isvik: Israelsbasar
12.11. torsdag	19:00 Ersland: Bønnemøte
17.11. tysdag	19:00 Isvik: NLM Misjonssamband
21.11. laurdag	12:00 Isvik: Misjonsmesse
24.11. tysdag	19:00 Ersland: Indre Sjømannsmisjon
26.11. torsdag	19:00 Ersland: Bønnemøte
27.11. fredag	Grautfest (eventuelt)

## Bedehusa i Vats

09.09. onsdag	19:00 Øvre Vats, Flymisjonen
13.09. søndag	11:00 Kårhus, Endleg søndag
16.09. onsdag	19:00 Blikrabygda, Indre sjø
23.09. onsdag	19:00 Kårhus, NMS
30.09. onsdag	19:00 Øvre Vats, Muslimmisjonen
07.10. onsdag	19:00 Blikrabygda, NLM
11.10. søndag	11:00 Kårhus, Endleg søndag
14.10. onsdag	19:00 Kårhus, Samemisjonen
21.10. onsdag	19:00 Øvre Vats, Indre Sjø
28.10. onsdag	19:00 Blikrabygda, NMS
04.11. onsdag	19:00 Kårhus, Muslimmisjonen
08.11. søndag	11:00 Kårhus, Endleg søndag
11.11. onsdag	19:00 Øvre Vats, Normisjon
18.11. onsdag	19:00 Blikrabygda, Indre Sjø
25.11. onsdag	19:00 Kårhus, Normisjon
02.12. onsdag	19:00 Kyrkja, "Venta og Lengta"

## Vågen bedehus

### Vågen bedehusforsamling

5.-6. sept. Opningshelg. Stad: Bygdasenteret.

Lørd.:	12:00 Bibeltine;
	17:00 Generasjonssamling;
	21:00 Ungdomsmøte
Sønd.:	11:00 Bibeltine;
	14:00 Familiemøte
09.09. onsdag	19:30 Bønnemøte
12.09. lørdag	20:00 Loftet ungdomsklubb
13.09. søndag	11:00 Søndagsskule
13.09. søndag	19:30 Søndagsmøte Talar: Eirik Stensland
16.09. onsdag	19:30 Bønnemøte

## MØTE OG ARRANGEMENT

20.09. søndag	11:00 Søndagsmøte Talar: Arne Kristian Helgøy
22.09. tirsdag	17:30 Jentelaget
23.09. onsdag	19:30 Bønnemøte
25.09. fred	

TIL DEG SOM ER OPPTATT AV AT BORN OG UNGE SKAL FÅ BLOMSTRE I GUDS HAGE. DET ER TID FOR:

# Inspirasjonssamling

Torsdag 17. september kl. 19 - 22 på Kyrkjetunet i Ølen

Me inviterer også dette året til samling for alle som driv med kristent arbeid for born og unge, medlemmer i sokneråda og alle i Vindafjord som er opptatt av at born og unge skal få opplæring i trua på Den Treeinige Gud. Det er fint å kunne møtast mange i lag for å inspirera kvarandre og sjå at me står saman i å byggja Guds rike.

Tema dette året:  
Inkludering og tilrettelegging

## Program:

- «Allemed»-koordinator Barbro Ringstad, med lang fartstid frå Bymisjonen, utfordrar oss og gir tips til inkludering og tilrettelegging for born og unge



**STØRST AV ALT**  
TRU • HÅP • KJÆLEIK

- Inspirasjon frå arbeid rundt om kommunen, erfaringsdeling
- Matøkt • Utdeling av Trusopplæringsprisen 2020

NB! Pga Koronastiuasjonen er det viktig med Påmelding i år, seinast 15/9. Meir info og påmeldingslink finn du på nettsida: [www.vindafjord.kyrkjer.no](http://www.vindafjord.kyrkjer.no)



Trusopplæring på garden.



Leiraktivitetar.



Turen til Vikestølen.

# Inspirasjonssamling trusopplæring

Av Britt Karstensen

Det er snart tid for den årlege inspirasjonssamlinga om trusopplæring. Me inviterer vidt og bredt og håpar mange blir med.

Temaet i år er «inkludering og tilrettelegging» i vid forstand. Me får besøk av Vindafjord sin «allemed-koordinator», Barbro Ringstad. Ho har lang erfaring frå frivillig arbeid i

Kirkens bymisjon i Haugesund og eit stort hjarte for at alle born og unge skal få vera med på fritidsaktivitetar, uansett kva utfordringar dei lever med i kvardagen. Me får høyre frå ulike lag i bygdene våre: Korleis når me ut til «alle»? Korleis møter me og tar vare på born og unge me kjem i kontakt med? Kva utfordringar og frustrasjonar kjenner me på?

Me skal dela stort og smått, idear

og utfordringar, inspirera og byggja kvarande opp, eta i lag og sjølvsgåt: Dela ut trusopplæringsprisen 2020!

Pga. restriksjonar må me vera førebudd på å endra på ting og tang i siste liten. Me må også vita kven som er til stades, så alle må melde seg på innan 15/9. Meir info og påmeldingslink finn du på nettsida vår [www.vindafjord.kyrkjer.no](http://www.vindafjord.kyrkjer.no).

**Åndaktstelefonen**  
**380 91 700**  
Åpent hele døgnet!  
Ny andakt tirsdag og fredag

Tjenesten  
er gratis

**Korleis har du det...  
EIGENTLEG?**

Eit menneske å snakke med  
når livet er som verst  
SOS-Chat: [www.soschat.no](http://www.soschat.no)

**Kirkens SOS**  
**22 40 00 40**

**SOS-melding:** [www.kirkens-sos.no](http://www.kirkens-sos.no)

Neste nummer av Hyrdingen  
kjem ut 26. november. Frist for  
levering av stoff er 1. november.